

God grunn til meir SPAR-jubel!

29.04.2016



Den strålande gjengen har god grunn til å sleppa jubelen laus.

I ettermiddag kom resultatet av kundeundersøkinga som nyleg vart gjennomført blant SPAR-kundar over heile landet. Nok ein god kan vi som bygdefolk vera stolte av at SPAR-gjengen gjev Uskedalen eit flott omdømme. Også denne gongen gjekk den gode butikken vår heilt til topps av alle SPAR-butikkane i landet. Vi gratulerer så mykje!!

Då eg snakka med dagleg leiar Bente L. Nilsen eit par timer etter dei hadde mottatt gladmeldinga, var ho naturleg nok strålande fornøgd.

- Det er verkeleg kjekt å gå inn i helga med eit slikt resultat basert på tilbakemeldingar frå kundane våre, sa ho mellom anna.

Ho poengterte at det gode resultatet kom av at alle i teamet jobba mot det same målet, nemleg at kundane skal ha ei god oppleveling når dei handlar på SPAR Uskedalen. Ho understreka også det gode arbeidsmiljøet.

- Vi har det kjekt saman. Det er også noko vi som kundar føler når vi handlar der. Ja, vi føler det berre vi ser på biletet av nokre i gjengen øvst i saka.

Bente sa også at dei brukar tilbakemeldingane dei får frå dei gode kundane i undersøkinga. Dei får kvar gong

mange gode tips og tilbakemeldingar som dei prøver å følgja opp.

Bente L. Nilsen er ein dyktig leiar som har oversikt over det meste. Likevel vart ho mest svar skuldig då eg spurde kor mange prisar dei hadde fått til no.

- Akkurat kor mange kan eg ikkje sei på ståande fot. Det har vel vore slike kundeundersøkingar i rundt 10 år, og vi har vore på pallen kvar gong, fekk eg til svar. No er jo ikkje det viktigaste å telja prisar, men å bruka kundeundersøkingane aktivt til å verta endå betre slik dei gjer. Som kundar er vi utruleg heldige som har ein slik prima nærbutikk.

Gleda er stor både blant kundar og tilsette. Feiringa er i gang, og det er sett fram store skåler med sjokolade. Vi gratulerer hjarteleg enno ein gong!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Frå SPAR-arkivet.